

SELGE BOLIG?  
Velg lokalpatrioten  
**notar**  
71 30 55 00

**SYNSUNDERSØKING**  
Ring 70 00 97 90  
for timeavtale Tone Sunde Gjerde  
Vi reparerer  
klokker.  
Urmakar  
i butikken.  
**BIRGERI**  
**Sunde**  
ULSTEINVIK

LOKALAVIS FOR ULSTEIN OG HAREID | NR. 72 | 93. ÅRGANG | TYSDAG 28. SEPTEMBER 2021 | LAUSSAL KR 30,- | VIKEBLADET.NO

# Følgde baugen til Ulsteinvik



FOTO: OLE OTTAR KARLSEN/HØGSTAVOLL

Frå barndomsheimen i Spania kunne han speide ut på skip med Ulstein X-Bow. No jobbar Jose (31) for at baugforma kan nyttast innanfor nye område. **SIDE 10 OG 11**



**VEKS GODT  
PÅ SØRE  
SUNNMØRE**  
**SIDE 4 OG 5**



**SALSAUKA I  
PANDEMEN**  
**SIDE 6**



**TIL TOPPS I  
HAVLØFTET**  
**SIDE 9**



**FEIRA IDRETTS-  
GLEDA I HAREID**  
**SIDE 18 OG 19**

7 090035 580014

● Låssenteret Møre Beslag:

# – Vi har hatt ein god og jan



**PAKKING:** Vegar Fjørtoft gjer ein kortlesar til ein åtgangskontroll klar til sending.

Sikkerheitssenteret og låsesmeden i Saunes-marka har mange prosjekt på gang – og har blant anna utført oppdrag på nye Ulsteinvik barneskule og Hareid Helsehus.

Låssenteret AS er Noregs største privateigde sikkerheitssenter og låsesmed – med 30 avdelingar frå Kirkenes i nord til Halden i sør. I 2017 fusjonerte Låssenteret med det som tidlegare heitte Møre Beslag – og sistnemnde blei med det ein del av ei landsdekkjande kjede. Ulsteinvik-avdelinga til Møre Beslag blei også med det ein del av Låssenteret.

Nyleg møtte Vikebladet Vestposten Kenneth Rogne og Arve Nupen, høvesvis avdelingsleiar og prosjektleiar – til ein prat på kontora til verksemda i Saunesmarka. Verksemda heldt tidlegare til i Ulsteinviksentrum – men flytta då ein fann større og meir tenlege lokale. På anlegget i Saunesmarka disponerer verksemda fleire kontor, verkstad og lager.

Kenneth Rogne har vore tilsett i verksemda sidan 2001, då den hadde namnet Verdisirkring Vest. I 2009 blei selskapet kjøpt opp av Ålesund-baserte Møre Beslag – og ein etablerte avdelingar også i Molde og Kristiansund. Møre Beslag blei etter kvart slått saman med Norsk Låsservice. Raa Invest, med Ståle Raa i spissen – tok i 2017 over alle aksjane i Møre Beslag og Norsk Låsservice – og fusjonerte dei som sagt med Låssenteret AS. Raa er i dag konserndirektør.

Sjølv om Raa framleis har ein eigarposisjon i konsernet – er det eit svensk investeringsfond, Procuritas Capital Investors, som har aksjemajoriteten. Også tilsette i Låssenteret eig aksjar i selskapet – blant anna fleire av dei som jobbar ved Ulsteinvik-avdelinga.

– Det at vi har over 120 medarbeidarar på landsbasis som



**NØKKELEGGEN:** Avdelingsleiar Kenneth Rogne og prosjektleiar Arve Nupen står her i verkstaden til Låssenteret Møre Beslag i Saunesmarka – der ein har mange ulike nøkkelemne utstilt. Låssenteret er i dag Noregs største privateigde sikkerheitssenter og låsesmed.

BEGGE FOTO: OLE-OTTAR KARLSEN HØGSTAVOLL.

har valt å investere i selskapet vitnar om eit sterkt lokalt engasjement og ei solid tru på selskapet og konseptet – med lokalt fokus og sjølvstyre, seier konserndirektør Ståle Raa i ein kommentar.

– Det er eit godt konsern å vere ein del av – og vi føler at vi har ei veldig god støtte i ryg-

gen, seier Kenneth Rogne.

#### Veks godt på Søre

Det er i alt sju tilsette ved Låssenteret Møre Beslag i Ulsteinvik – fordelt på administrasjon og utegåande sikkerheitsteknikkarar og låsesmedar. Verksemda har etablert seg som ein leiande aktør i dei sju kommunene på Søre Sunnmøre.

nane på Søre Sunnmøre.

– Det er eit stort område – men vi har godt med oppdrag og gjer det bra, seier Kenneth Rogne og held fram:

– Vi leverer alt ifrå dørvridrarar til avanserte åtgangskontrollsysteem, innbrotsalarmer, kameraovervaking – og portar og bommar. I det siste har vi

også kome inn på marknaden for sikre fasadar og dører.

#### Fleire store lokale prosjekt

Dei fortel også at dei har det største utvalet av nøkkelemne i regionen – og at dei blant anna kopierer startnøklar til køyretøy.

Blant dei nyare, større pro-

# nn vekst



sjekta Låssenteret Møre Beslag har vore involverte i, er Hareid Helsehus og nye Ulsteinvik barneskule.

– Til sistnemnde bygg har vi levert alt ifrå dørklinker til eit digitalt låsesystem. Misser ein til dømes ein av nøklane til dette systemet – kan ein deaktivere funksjonen til denne. Nok-

kelen innehold ein chip som gjer at ein kan gjøre det umogleg å bruke den på låsane, fortel Kenneth Rogne.

Som også fortel at Ulsteinvik brannstasjon er eit nytt prosjekt verksemda skal i gang med.

– Vi har god og jamm vekst, og ser lyst på situasjonen. Vi

har bra med arbeid, og godt med oppdrag knytt til service og ettermarknad. Tala på botnlinja har vore grøne sidan vi blei ein del av Låssenteret – og vi ser gode tider vidare framover, seier Rogne til slutt.

OLE-OTTAR KARLSEN HØGSTAVOLL  
ole.ottar@vikebladet.no

# BUNNPRIS

[www.bunnpris.no](http://www.bunnpris.no)



ALLE TACOPRODUKTER FRA SANTA MARIA



ALLE ORIGINAL TORO GRYTER OG SUPPER



UTVALGTE NORSKE GRØNNSAKER



**29<sup>00</sup>**  
pr. stk

PIZZA GRANDIOSA



**20<sup>00</sup>**  
500 gr

PRIOR KLUBBER OG KYLLINGVINGER



COCA-COLA MED OG UTEN SUKKER



STENFRI DRUER I BEGER

Tilbudene gjelder tom 3.0kt.